



Til dei vidaregåande skulane i Hordaland

Dato: 07.03.2017  
Vår ref.: 2016/9170-13  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## Prognoseinntaket 2017

Det vil i løpet av onsdag 8.mars bli sendt ein kommentar på e-post frå inntaksleiar om prognoseinntaket til dei vidaregåande skulane, skuleåret 2017/2018. Meldinga vil bli sendt direkte til rektor.

Denne kommentaren er meint som førebuande informasjon før regionsamlingane i veke 11.

På regionsamlingane vil det bli gitt ei generell orientering om prognoseinntaket 2017, og det vil også bli mogleg å ta opp saker som gjeld den einskilde skule. Dette kan sjølv sagt også bli aktuelt i veka etter regionmøta.

Dato for eventuelle tilbakemeldingar frå skulane til Opplæringsavdelinga vil bli gitt på regionsamlingane. Det same gjeld prosessen vidare i høve til saksbehandlinga i politiske utval.

Søknadstala pr. 1.mars 2017 finn ein som kjent for den einskilde skule på <https://www.vigo.no/vigor/servlet/main>. Etter 1.mars har vi også registrert ein del søknadsskjema på papir som gjer at dei tala ein har pr. 1.mars ikkje vil vere heilt oppdaterte. Det vil bli ei ny oppdatering like før eller etter regionmøta, og skulane vil sjølv sagt bli haldne orienterte dersom det har betydning for eventuelle endringar i tilbods-/klassestruktur.

Med helsing

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*